



Liv Bente Erstad Storheim  
SÆBØVEGEN 130  
5938 Sæbøvågen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1821 - 22/30777

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune  
.no

Dato:  
21.04.2022

## Vedkomande gbnr 342/125 og spørsmål vedkomande bygging

Vi syner til Dykkar førespurnad om førehandskonferanse motteke her den 24.02.2022.

Følgjande skildring er sendt inn:

*«Vi ønsker å vite hvordan kommunen stiller seg til en eventuell utbygging av tomten. Tomten ligger i LNF område, og det er spredt bebyggelse i området, og det må bli disp. fra bygging i LNF område.*

*Kan kommune si noe om muligheten for at tiltakshaver kan få bygge på tomten?*

*Usikker på situasjonen i område med tanke på skole- barnehagedekning, service tilbud mm, om dette er noe som vil veie mot en disp, eller om det er annet vi ikke kan se stopper opp prosjektet.*

*Håper dere har anledning å svare på dette.»*

Dispensasjon er eit tema det er vanskeleg å svare på i forkant av ei søknad. Dette er ei heilskapleg avgjerd som gjerne er ei samla vurdering av regional og kommunal mynde, og utifrå eit konkret prosjekt.

Administrasjonen tok difor kontakt heimelshavar på telefon der det vart avtalt at førehandskonferansa vert endra til veiledning kring dispensasjon og prosessa knytt til dette.

Dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplana sin arealdel:

Det går fram av Dykkar førespurnad at eigedomen er avsett til LNF-føremål i kommuneplana og at det er naudsynt å søkje dispensasjon i frå dette.

Ei dispensasjonsøknad er ei skriftleg søknad der det skal gå fram kva ein søker dispensasjon frå (LNF-føremålet), og søknaden må vere grunngeve og nabovarsla. Saman med den skriftlege søknaden er det naudsynt å teikne omsøkte bustad inn på eit situasjonskart. Dette må vere målsatt med tiltakets ytre mål, minsteavstand til nabogrense og eventuelt offentleg veg.

Det er også naudsynt å sende inn målsatte teikningar av bustad saman med søknad. Det er dette prosjektet og desse måla ein vurderer dispensasjon for og de rammene eit positivt vedtak må holde seg innfor.

Søknad om dispensasjon sendast til uttale til statsforvaltar og fylkeskommunen, dette er det kommunen som tar seg av.

Som vedlegg til dette skrivet ligg eit skjema utarbeida av NKF, som kan nyttast som dispensasjonsøknad dersom De ynskjer det. Den tar også føre seg juridiske krav til dispensasjonsøknad.

Gebyr for førehandskonferanse:

Det er i denne saka vurdert at Dykkar førespurnad ligg innafør veiledningsplikta kommunen har, og at dette ikkje er vurdert som ei førehandskonferanse. De vert difor ikkje sendt ut faktura i denne saka.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Fredrik Jordal  
Liv Bente Erstad Storheim

RADØYVEGEN 593  
SÆBØVEGEN 130

5938 Sæbøvågen  
5938 Sæbøvågen